



Norva24 Vest As
Sløvågen 16
5960 DALSYRA

Referanser:
Dykkar: Trine ekren
Vår: 21/7667 - 23/65733

Saksbehandlar:
Roger Fanavoll Fjellsbø
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.
no

Dato:
24.08.2023

Melding om lågt nivå i tank - gbnr 348/36 Skurtveit

Tiltak: Lågt nivå og mogleg lekkasje i tank
Byggjestad: GBNR: 348/36 Skurtveit
Tiltakshavar: Ove Rossland og Janet Rossland

Alver kommune har den 16.08.2023 motteke melding frå Norva24 AS om at det ved tømning den 03.08.2023 vart registrert lågt nivå og mogleg lekkasje i septiktanken på eigedommen dykkar, med adresse Skurtveitvegen 51. Lågt nivå i tanken tyder på at det kan vere lekkasje frå tanken, og at den ikkje fungerer slik den skal. Ved lekkasje frå septiktanken renn avløpsvatn ut i grunnen med fare for forureining og med fare for at menneske og dyr blir sjuke.

Same avvik vart registrert ved tømning i august 2021. Tanken vart då sjekka og det vart meldt inn at ein ikkje hadde registrert lekkasje frå tanken ved visuell kontroll. Ved normal bruk av 2 personar vil ikkje nivået i septiktanken være særleg lågare enn utløpet av tanken.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til 23.11.2023.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetre tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetra eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølv utføre arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Avviksmelding med bilete frå Norva 24 er vedlagt.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting med heimel i forurensingslova § 7.
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forurensingsloven § 73
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forurensingsloven §§ 78 og 79.
- Plikt til å installere godkjend avløpsanlegg på eigedommen følgjer av forureiningsforskrifta kapittel 12.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Roger Fanavoll Fjellsbø
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Melding om lågt nivå i tank - gbnr 348/36 Skurtveit

Bilde 2.

Bilde 1.

Skjema for tilbakemelding om utført arbeid på VA anlegg - gbnr348-36

Mottakarar:

Norva24 Vest As

Sløvågen 16

5960

DALSØYRA